



# ROVVILTNEMNDA I REGION 1

## Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Adresseliste pr. e-post

Dykkar ref:                      Vår ref.:                      Arkivnr.:                      Dato:  
2013/12146                      433.52                      12.09.2014

### **Innkalling til møte i rovviltnemnda 17. september 2014**

Det blir telefonmøte i rovviltnemnda **17. september 2014, kl. 10.00**. Innkallinga blir lagt ut på vår heimeside [www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland).

Då det var tenkt at møtet skulle vere eit reint informasjonsmøte, blei det avtalt å ta dette over telefon. Det har no kome ei ny sak på saklista, som går på vurdering av fastsett kvote for lisensfelling av ulv. Denne kom nyleg, og det blir derfor vanskeleg å endre møteform. Samtidig er det ei sak det er ynskjeleg å ta opp snarast mogleg. Telefonmøtet blir derfor opprettheldt. Innstilling frå sekretariatet følgjer som vedlegg.

#### Saksliste:

**Sak 11/14:** Status for førekomst av rovdyr i regionen hittil i år

**Sak 12/14:** Vurdering av ny kvote for lisensfelling av ulv i regionen 2014/2015

**Sak 13/14:** Infosak: Møte om mogleg flytting av sekretariatsfunksjonen for rovviltnemnda i region 1

**Sak 14/14:** Eventuelt

Med helsing

Noralv Distad  
Leiar for rovviltnemnda

Adresseliste pr epost:

Noralv Distad, [noralv.distad@sfj.no](mailto:noralv.distad@sfj.no)

Oddny Omdal, [odd-omda@online.no](mailto:odd-omda@online.no)

Arne Bergsvåg, [arne.bergsvag@vindafjord.kommune.no](mailto:arne.bergsvag@vindafjord.kommune.no)

Marit Barsnes Krogsæter, [marit.krogsater@sfj.no](mailto:marit.krogsater@sfj.no)

Sveinung Valle, [Sve-vall@online.no](mailto:Sve-vall@online.no)

Nils P. Støyva, [nils.p.stoyva@sfj.no](mailto:nils.p.stoyva@sfj.no)

Jenny Følling, [jenny.folling@sfj.no](mailto:jenny.folling@sfj.no)

Benthe Bondhus, [benth-bo@knett.no](mailto:benth-bo@knett.no)

Svein Bringsjord, [svein.bringsjord@politiker.vaf.no](mailto:svein.bringsjord@politiker.vaf.no)

Inghild Vanglo, [inghild.vanglo@eigersund.kommune.no](mailto:inghild.vanglo@eigersund.kommune.no)

Kopi pr epost m/vedlegg:

Miljødirektoratet v/Jan Paul Bolstad

Fylkesmennene i region 1

SNO v/Rein Arne Golf og Jon Erling Skåtan

Mattilsynet, regionkontorene Sogn og Fjordane/Hordaland og Rogaland/Agder

Merete Støfring, Sogn og Fjordane bondelag

Vest-Agder bondelag

Rogaland sau og geit

Rogaland bondelag

Vedlegg

Saksframlegg frå sekretariatet

Brev frå Vest Agder Bondelag og Sogn og Fjordane Bondelag

## Saksframlegg frå sekretariatet

*Sak 11/14: Status for førekomst av rovvilt i regionen hittil i år*  
SNO orienterer

*Sak 12/14: Vurdering av ny kvotefastsetting for lisensfelling av ulv i regionen*

### Politiske føringar og lovverk

Desse dokumenta er lagt til grunn for saksframlegget:

- St.meld.nr. 15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur
- Innst.S.nr 174 (2003-2004)
- Lov av 19.06.2009 nr 100. Lov om forvaltning av naturens mangfold
- Forskrift av 19.03.2005 Om forvaltning av rovvilt
- Forvaltningsplan for rovvilt i Region 1, revidert i 2014
- Data frå overvakingsprogram for rovvilt
- Rovvilforliket i Stortinget, Dokument 8:163 S(2010-2011) av 16.06.2011

### Saksopplysningar

Lisensfellingsperioden for ulv er i region 1 frå 1. oktober til 31. mars. Nasjonalt forvaltningsmål for ulv er 3 årlege ynglingar i heilnorske revir innafor forvaltningsområdet på Austlandet. Måla blei nådd i 2010, 2011, 2012 og 2013. Det er ikkje nasjonale mål om ynglingar av ulv i Region 1. Rovviltnemnda har difor alltid mynde til å kunne vedta kvote for lisensfelling etter rovviltforskrifta §7. I Region 1 er det store beiteinteressar, og tiltak mot rovviltskade vil i stor grad vere ulike former for felling. Stortinget har seinast i rovviltforliket frå 2011 understreka at lisensfelling skal vere viktigaste reiskap for felling.

Alle regionar skal ta omsyn til dei nasjonale måla for ulv. Difor er det eit krav om fastsetting av kvote. Rovviltnemnda skal legge til grunn data frå nasjonalt overvakingsprogram, SNO sin dokumentasjon av førekomsten av ulv i Region 1 og tilgrensande område, og skadesituasjonen ved vedtak om lisensfelling på ulv. Miljøverndepartementet har i handsaming av klagesaker streka under på at *"prinsippet om arealdifferensiering ikkje er ensbetydende med at områder som er prioritert til beitebruk til enhver tid skal være frie for rovvilt, eller at beitedyr skal utelukkes i områder hvor rovdyr gis prioritet."* På den andre sida seier forvaltningsplanen at rovpattedyr med skadepotensiale ikkje er ønskja i regionen. Frå år 2000 og fram til i dag er det 3 ulv som er skadefelt i regionen og ein er påkøyrd. Elles er det ingen dokumenterte fellingar av ulv i Rovbase.

Pr. 11.09.2014 er det denne sommaren 14 dokumenterte og 8 antatte tap av sau til ulv i Vest-Agder, og to dokumenterte tap av sau til ulv i Rogaland. Nyleg er det og rapportert om ulv i Sogn og Fjordane. SNO har etterlyst biologiske spor, for å kunne stadfeste at det er ulv, men har førebels ikkje registrert dokumenterte tap til ulv eller dokumenterte observasjonar av ulv. Som følge av situasjonen i Vest-Agder og Sogn og Fjordane er det i brev datert 11.09.2014 kome ynskje frå Agder Bondelag om å auke lisenskvoten for ulv i Region frå 1 til 2 ulvar.

### Sekretariatet si vurdering

Noverande kvote for lisensfelling av ulv i 2014 – 2015 er på eitt dyr, som kan nyttast i heile regionen. Betinga kvote for skadefelling på ulv er på 4 dyr. Nemnda har høve til å endre kvoten for lisensfelling ved behov, også etter at lisensfellinga har starta. Melding om ulv i Sogn og Fjordane har kome inn nyleg, og SNO har førebels ingen dokumenterte tap eller observasjonar i Sogn og Fjordane. Det blir derfor foreslått at utviklinga i regionen blir følgt

tett framover. Dersom noverande kvote for lisensfelling på 1 ulv blir brukt, føreslår nemnda å kalle inn til hastemøte for å vurdere å auke noverande kvote. Det blir lagt vekt på at eit slikt møte må skje straks den noverande kvoten eventuelt blir brukt opp. På denne måten kan ei eventuell justering av kvoten kunne gjerast på best mogleg kunnskapsgrunnlag.

***Sak 13/14: Infosak: Møte om mogleg flytting av sekretariatsfunksjonen for rovviltnemnda i region 1***

***Sak 14/14: Eventuelt***